



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

<http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Kultur/Kulturnytt/Fem-kunstnarar--kunstnargrupper-skal-konkurrera-om-kunstprosjekt-til-Flesland/>

Skriv ut

Fem kunstnarar / kunstnargrupper skal konkurrera om kunstprosjekt til Flesland

Heile 77 kunstnarar / kunstnargrupper melde si interesse i prekvalifiseringa for kunstprosjektet til Bybanen sitt endestopp på Bergen Lufthavn, Flesland. Blant desse var det svært mange interessante kunstnarar og gode søknader, og det har vore ei krevjande, men privilegert oppgåve for kunstutvalet å velje ut dei som skulle gå vidare.

Dei utvalde er kunstnarar med sterke kunstnariske stemmer. Dei representerer ulike generasjonar og innfallsvinklar i arbeidet, og har alle vist gjennomføringsevne på høgt nivå i store kunstprosjekt og utstillingar.

Kunstutvalet for Bybanen er stolte og glade for å kunne invitera dei følgjande til lukka konkurranse:

Azar Alsharif, f. 1984, bur og arbeider i Bergen.

www.azaralsharif.com

Marius Dahl & Jan Christensen, f. hhv. 1969 og 1977. Bur og arbeider i Drammen, Oslo og Berlin.

www.mariusdahl.org

www.janchristensen.org

Anders Sletvold Moe, f. 1978, bur og arbeider i Oslo.

www.anderssletvoldmoe.com

Dyveke Sanne, f. 1950, bur og arbeider i Asker.

www.dyvekesanne.com

Stian Ådlansvik & Lutz-Rainer Müller, f. hhv. 1981 og 1977, bur og arbeider i Oslo og Leipzig.

www.stianadlandsvik.net

www.lutzrainermueller.com

Kunstbudsjetten er på 1,65 mill. og prosjektet skal vera ferdig sommaren 2017.



5 kunstnarar / kunstnargrupper skal konkurrera om kunstprosjekt til denne veggen på Bybanen sitt endestopp på Flesland. Biletet er frå byggeplassen 8. oktober 2015.

Endra: 28.10.2015 15:42

Hordaland fylkeskommune © 2015

Ansvarleg redaktør: [Janne Værnø](#)

Redaktør: [Bjarte Brask Eriksen](#)